

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST RHF

**STAD:** Møllendalsbakken 9, 5021 Bergen  
**MØTETIDSPUNKT:** 13.05.2015 KL 12:45 – 16:00

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

### DELTAKARAR FRÅ STYRET

Maria Borch Helsengreen	Leiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Jon Bolstad	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem

### FORFALL FRA STYRET

Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem 14:30-15:00

### DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Jannicke Daae Tønjum	Administrerande direktør
Ola Rye	Økonomisjef
Berit Berntsen	HR og organisasjonssjef / referent

**SAKLISTE****UNDERLAG****Ope del**

Sak 020/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 021/15	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 25.03.2015	Vedlagt
Sak 022/15	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak 023/15	Årleg gjennomgang av Styrande dokument for Styret i sjukehusapoteka Vest HF	Vedlagt
Sak 024/15	Risikostyring 2015	Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 025/15	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt
------------	---------------------------------	---------

**Lukka del**

Sak 026/15 og 027/15 blir behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 026/15	Rapportering frå verksemda per mars 2015 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 027/15	Langtidsbudsjett 2016-20 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt

.....

**OPE DEL**

**Sak 020/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Oppsummering**

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom.

**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Ingen saker meldt til eventuelt.

## **Sak 021/15 Godkjenning av protokoll frå styremøte 25.03.2015**

### **Oppsummering**

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 25.03.2015.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner og underteiknar protokollen frå styremøte 25. mars 2015.

## **Sak 022/15 Administrerande direktør si orientering**

### **Oppsummering**

#### **1. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Ingen nye forhold rapportert.

#### **2. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**

- Tilsyn ved Sjukehusapoteket i Stavanger er lukka.
- For tilsyn ved Sjukehusapoteket i Bergen er det levert inn utfyllande informasjon innan frist 01.05.2015 .

#### **3. Oversikt over aktuelle høyringar**

Oversikt var vedlagt innkalling.

#### **4. Bemanningssituasjon på leiarnivå**

- Sjukehusapotekar i Bergen er tilsett, og tiltrer 01.08.2015.
- Konstituert Sjukehusapotekar i Haugesund er fast tilsett i Føretaksadministrasjonen, og vil jobbe med mellom anna beredskap.
- Ein har ikkje lukkas med å tilsette vikar for Sjukehusapotekar i Førde, og ein er i dialog med apoteket om konsesjon og leiing i permisjonstida.
- Fagdirektør Øystein Torgauten går over i Seniorrådgjevarstilling og ein jobbar med løysing for konstituering til stilling lysast ut.
- Ein er i prosess med verksemdsoverdraging av reinhaldarar frå sjukehusapoteka i Bergen og Stavanger til Helse Bergen og Helse Stavanger.
- Ein jobbar med omstilling av prosessar for økonomiarbeidet, og i så måte vert administrative tilsette tilbydd overføring av tilsvarande arbeidsoppgåver og arbeidsforhold til Løn og rekneskapsenteret i Helse Vest.

Det har vært lagt stor vekt på ivaretaking av tilsette i dei einingar som er råka av dei nemnde omstillingane. Det er krevjande å rekruttera leiarar, og SAV vil framover jobbe med

talentutvikling av eigne potensielle leiarar, i samarbeid med dei andre Sjukehusapotekføretaka, Helse Vest og grossist (som del av grossistavtala).

#### 5. SAV sine resultat etter medarbeidarundersøking i Helse Vest

Svarprosent i Sjukehusapoteka Vest var om lag 80%. Adm. dir. er godt tilfreds med resultatene, som i stor grad samsvarar med funn i dei årlege HMT-kartleggingane. Resultata er presentert i FAMU og med dei Hovudtillitsvalde. Konklusjon er at ein har eit godt bilde over situasjonen, og ein har styrka grunnlag for å halde fram med planlagde tiltak.

#### 6. Krav om meir detaljert informasjon om PUB-verksemda knytt til ESA-krav

Apotek 1 har etterspurt status i tilpassing til ESA-krav. Først i brev til HOD i januar 2015, så til Helse Vest.

#### Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest tek meldingane til vitande. Styret seier seg tilfreds med høge svarprosent i Helse Vest medarbeidarundersøking og at resultat stemmer med bilde ein får i årlege HMT kartleggingar. Styret støtter arbeid med talentutvikling av eigne leiartalent.

### Sak 023/15 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Sjukehusapoteka Vest HF

#### Oppsummering

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

#### Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- Vedtekter for sjukehusapoteka Vest HF, sist revidert i føretaksmøte 20. februar 2014
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- «Nye retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel»
- Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
- Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
- Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
- Fullmaktsmatrise
- Ethiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest

Styret ber administrasjonen leggje fram eiga sak om korleis ein sikrar brukarmedverknad i Sjukehusapoteka Vest.

## **Sak 024/15 Risikostyring 2015**

### **Oppsummering**

Styret slutta seg til styringsmål og delmål for risikostyring 2015 i Sjukehusapoteka Vest i styremøte 25.03.2015 (Sak 016/159), men gav nokre innspel om å vurder å tydeleggjere risikobilete rundt HMS/ sjukefråvær og Sjukehusapotekas evne til å bidra til å oppnå betra legemiddeløkonomi i sjukehusføretaka. Administrasjonen har arbeid med dette, og det å legge tiltak knytt til styringsmål og delmål, og legg her frem T0-rapport som vil lagt til grunn for Risikostyring 2015 per tertial i Sjukehusapoteka Vest.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tek risikomatrise til etterretning ber om rapportering på risiko for tertial 1, 2 og 3 i 2015. Styret ber administrasjonen ha særskilt fokus på dei områda med høg risiko og sjukefråvere.

## **Saker til orientering**

## **Sak 025/15 Skriv og meldingar og eventuelt**

### **Oppsummering**

Protokoll frå Føretaksmøte 04. mars 2015 var vedlagt saka.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tar saka til etterretning. Ingen sakar var meldt til eventuelt.

## **LUKKA DEL**

## **Sak 026/15 Rapportering frå verksemda per mars 2015**

### **Oppsummering**

Rapport frå verksemda blei gjennomgått og kommentert med hovudfokus på fortsatt høgt sjukefråvere, faglege leveransar og prosjekt og eit lågare resultat enn budsjett og ein prognose under resultatkrav.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tek rapportering frå verksemda per mars 2015 til etterretning. Styret ber administrasjonen om å presentere tal per månad og akkumulert.

**Sak 027/15 Langtidsbudsjett 2016-20****Oppsummering**

Langtidsbudsjett 2016-20 blei gjennomgått og kommentert. Ein hadde ein grundig diskusjon om høve kring bemanning, kostnad/ effektivisering, investeringar og risiko.

**Vedtak (samrøystes)**

Styret vedtek langtidsbudsjett 2016 – 2020 for Sjukehusapoteka Vest med dei merknadar som framkom i møtet. Styret føreset at eigar aksepterer endring i resultatkrav i perioden og at tilfredstillande likviditet er ivareteken.

Ref. Berit Berntsen

13.05.2015

Maria Borch Helsengreen	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne (sett)	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem